

Referat frå møte i FAU 21.05.25

Stad og tid: Personalrom ungdomsskulen onsdag 21.05.25 kl.17:30

Deltakerar: Annette Dale Natås (rektor), Sonja Anita Grøneng, Monica Vaulen, Solfrid Trå, Iselin Sunde, Hilde Losnegard, Thomas Heggelund, Marte Hundvebakke, Jakob Andre Sandal og Reidun Sofie Myklebust

Referent: Hilde Losnegard

Saker:

Klassekonto og informasjon til klassane

Informasjonsskriv og retningslinjer for oppstart og bruk av klassekonto er klart. Skriva blir no lagt ut på heimesida til Skei skule.

FAU sender ut melding på klasesidene når informasjonen er kome ut på heimesida.

Solfrid står som kontaktperson og kontoansvarleg fram til ny FAUleiar blir valgt i høst 2025.

«Smarttelefonfri» barndom

Fleire skular har laga retningslinjer for bruk av smarttelefon og sosiale medier. Temaet vil bli fokus i FAU frå høsten. Vi vil prøve å få til ein fagkveld.

Ungdomsklubb – vidare arbeid med elevbedrift, knyte konto til FAU?

Konto for elevbedrift vil bli oppretta på bedriftskontoen til FAU.

Søknad om tilskot (trafikktryggingsmidlar, renovering m.m)

Skulen vil i samarbeid med FAU sende inn søknad om trafikktryggingsmidler (mellom anna sykkelstur) hos Fylkeskommunen innan frist 01. september.

Det er ønske om dugnad for måling av klasserom på ungdomssteget. Annette vil undersøke med vaktmester i høve kva utstyr og kor mykje måling vi treng. Vi undersøker om vi kan søke midlar til dette hos lokalt næringsliv.

Div. info frå rektor

- Fredag 16.05 var det feiring på skulen. Skulen feira at det er vår, snart sommar og at vi fekk behalde ungdomsskulen.

- Grunna økonomi blir berre det som er heilt nødvendig prioritert i høve utbetringar på skulen.
- Planlegging av neste skuleår er i gang. Kontaktlærarar er på plass. Timeplanlegging i byrjinga av juni slik at mest mogleg er klart til skulestart i august.
- Det blir ikkje sommarSFO på Skei. Siste skuledag er 20.06.

Ønsker alle ein god sommar og takk for godt samarbeid!